



# HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2305  
Klubbnr. 12713



Månedsbrev for februar 2014.

Årgang 49

---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Karin S Holstad  
Visepres: Øystein Alme  
Sekretær: Arne G. Aschehoug  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Jarle Kristiansen  
Styremedlem: Bernhard Harkjerr  
Styremedlem: Eileen H. Brandal  
Ansv.red.: Oddvar Haugen  
Referent: Aage Nytnun

## Fødselsdagar i februar:

Aagot Riise	5. februar
Jan Håvard Nytnun	16. februar
Sigurd L Bigset	21. februar
Runar Haddal	27. februar

---

## Skeiserenn

Du startar i lag med storskridaren.  
Du veit du kan ikkje fylgja han,  
men du legg i veg  
og brukar all di kraft  
og held lag ei stund.

Men han glid i frå deg,  
glid i frå deg, glid i frå deg  
Snart er han hele runden fyre.

Det kjennest litt skamfullt med det same.  
Til det kjem ei merkelig ro yver deg,  
kan ikkje storskridaren fara!

Og du fell inn i de eigi takt  
og kappestrid med deg sjølv.  
Meir kan ingen gjera.

*Olav Hauge*

---

### **Møte 03.02.14.**

Denne dagen var vi på besøk hos Grønmyr Barnehage på Holstad.

Leiar for barnehagen, Elisabeth Warpe, tok imot oss og orienterte om barnehagen frå starten og fram til i dag.

Grønmyr starta på Hareid 01.08.2006 på Jomsvoll, men flytta inn i nytt bygg på Holstad 20.12.2006. Dette bygget er seinare utvida og har fått større uteområde, og står i dag fram som ein moderne og flott barnehage med høg standard på alle område. Barnehagen har pr. 01.12.13 164 born i alderen 0 – 6 år, og dei er delte inn i fem avdelingar etter alder. Desse fem avdelingane har fått namn etter fjelltoppar i nærleiken.

Der er 42 tilsette som utgjer 35,9 årsverk. 14 årsverk er forskulelærarstillingar.

Barnehagen ligg sentralt plassert og med fine tur - og skogsområde, der borna får boltre seg i urørt natur.

Barnehagen er open 12 mnd. i året, frå kl. 06.45 til kl. 17.00 fem dagar i veka.

Det er strenge krav og oppfølging på at barnehagane blir drivne på ein god måte, og dei må forholde seg til det offentlege sine krav gjennom m.a. lov om barnehagar, rammeplanar for barnehagar og kommunen sine retningslinjer. Vidare har dei også klare målsettingar på korleis barnehagen deira skal drivast målt på m.a. kvalitet, innhald og tilbakemeldingar frå foreldre. Etter presentasjonen fekk Elisabeth fleire spørsmål som ho svarte på klart og tydeleg.

Til slutt overrakte president Karin blomster til Elisabeth som takk for at vi fekk kome og for det ho fortalde



*Grønmyr Barnehage.*

### **Møte10.02.14.**

Denne dagen besøkte vi kunstutstillinga til Håvard Vikhagen på den nye brannstasjonen i Hareidsmyrane.

Vi vart mottekne av Cecilie Hole frå Hareid Kunstlag. Ho fortalde inleiingsvis korleis ideen til denne biletserien vart skapt og korleis arbeidet vart gjennomført. Deretter tok ho oss med på ein rundtur og fortalde litt om bileta og svarte på spørsmål frå engasjerte rotarymedlemmar.

Kunstnaren, som er fødd og budde dei første barneåra sine i Hjørungavåg, har alltid vore fasinert av Slaget ved Hjørungavåg ynskt å gjengi det i biletforn. Og etter at samarbeidet med forfattaren Torvald Steen kom i gang, skreid prosjektet raskt framover.

Heile biletserien, som er oljemaleri, som er på til saman 46 bilete, vart produsert under 4 ½ mnd. intenst og hardt arbeid.

Vikhagen er kjend for å bruke mykje fargar i måleria sine, men i denne serien har han brukt få fargar, mest grått, svart og blått, som gir ei noko dyster stemning, og som på ein god måte gjenspeilar det som skjedde for 1028 år sidan.

Biletserien er delt inn i 5 ulike bolkar, den første er før slaget og gjengir stemninga i forkant av sjølvje slaget. Den neste bolken, som også er den største i talet på bilete, er sjølvje slaget, der kunstnaren ganske detaljert skildrar korleis det kunne ha foregått. Den neste bolken er etter slaget, med skildring av dei grusomheitene som då skjedde. Så kjem bileta som på ein god måte gjengir stemninga og sorga som rådde etter slaget, og til

slutt kjem heimkomsten. I heile serien har kunstnaren måla mange ansikt, og på ein framifrå måte fått fram både redsel, frykt, sorg og glede.

Til slutt fekk Cecilie blomster frå vår president Karin, som takk for at vi fekk kome, og for orienteringa ho gav oss.



*Cecilie Hole*



## Møte 17.02.14

Presidenten ønskte velkommen til nytt møte og til opning song vi "Å leva det er å elska".

Johs. J. Hareide overbrakte helsing frå Einar Arne Riise i Spania som no går på si andre periode som president i den lokale skandinaviske rotaryklubben der nede.

Dagens program var ved Erna Berg Rogne som fortalde om Mamma Clara Norge som ho starta i 2010. Opptakta var ein ferietur ho og sonen Øystein hadde til Peru i desember 2009. I Cusco kom ho i kontakt med nokre personar som brukte å reise opp til fattige landsbyar i Andesfjella, ca. 5000 m.o.h., med hjelpeforsyningar. Dei to spurde om å få vere med, og det fekk dei, noko som skulle få større betydning enn dei kunne ane.

Opplevinga av å sjå den ekstreme fattigdomen på nært hald, og spesielt sjå kor barna leid, gjorde eit sterkt inntrykk. Befolkninga mangla det meste og var sterkt avhengig av hjelp utanfrå.

Opplevinga i Andesfjella hadde gjort så stort inntrykk på Erna, at vel heime i Noreg bestemte ho seg for at desse lutfattige barna ville ho hjelpe.

Så på denne bakgrunnen vart Mamma Clara Norge organisasjonen fødd. Det vart laga ei eiga heimeside, og organisasjonen vart lagt ut på Facebook. Medlemstalet auka raskt, og pengane tok til å strøyme inn på konto. Det var tydeleg at mange såg kor viktig det var å hjelpe desse fattige barna.

Etter dette har det berre auka på. Erna har vore i Peru fem gongar med hjelpsendingar etter den første turen og skal ned att no i mars. I desember 2011 kom ho i kontakt med organisasjonen Yachay i Arequipa, og eit fruktbart og givande samarbeid vart etablert. Dei arbeider i fleire landsbyar oppe i Andesfjella, er godt organiserte og har dyktige medarbeidarar.

Den siste turen dei hadde var ein stri tårn, først var det ein lang flytur over til Cusco i Peru, deretter var det vidare på bratte og dårlege vegar i 12 timar opp i 5000 meters høgde, og i tillegg var dette midt i regntida, med delvis stengde vegar.

På denne turen, som var like føre jul, hadde dei med seg gåver som for det meste besto av varme klede og gode sko som det er stort behovet for. Det varma Erna å sjå den store gleda desse gåvene utløyste, og det gir henne inspirasjon til å halde fram med arbeidet. Det dei no jobbar med, er å utstyre skulane med sårt tiltrent skulemateriell som det er stor mangel på.

Erna fortalde så om to små jenter, begge 5 år gamle, som lever i to totalt forskjellige verder. Maria bor i Noreg og manglar ingenting. Ho har eige rom, der det er masse leiker, og i skapet klede i rikelege mengder. Til hausten startar ho på skule, ein flott skule der ho får alt materiell ho treng. Alle mulegheiter er opne for Maria.

Haydee bor opp i Andesfjella, der ho bor i dette huset (sjå under).



Det er eitt rom, ingen vindu og ingen møblar. Berre teppe på golvet som også fungerer som seng for heile familien på fire. Ho får gå på skule, men må holde seg med materiell sjølv. Her har ho på seg ein Devoldgensar ho fekk av Mamma Clara for eit år sidan, og dette er einaste gensaren ho har. Som vi ser, treng ho ny. Det vil ho får neste gong vi er på besøk, kunne Erna fortelje. Då får ho også masse skulesaker til neste skuleår.

President Karin S. Holstad takka Erna for eit interessant foredrag, som gav oss innblikk i korleis leve- og oppvekstforholda er for born i landsbyane i Andesfjella. Og som bidrag til det viktige arbeidet dei gjer der, overrakte ho ein gåvesjekk på kr. 5.000,- frå Har- eid Rotary Klubb.

### **Møte 24.02.13.**

Programfritt.